

Kyrkjeleinga ordna opp

09.05.2009



Det ligg to gravstøtter igjen, denne med namnet opp. (Foto: Torfinn Myklebust)

Kyrkjeleinga var snar til å ordna opp på kyrkjegarden i Uskedalen etter påminninga frå bygda. Det er fint, og det er slik det skal vera; men kanskje utan påpeiking.



Dei to siste støttene må også bort. (Foto: Torfinn Myklebust)

Trebenken som har lege på den nyaste delen av kyrkjegarden, var ikkje mykje å samla på. No er han borte. Det same er det meste av dei meir eller mindre knuste gravstøttene som i fleire år har lege skjemma i ei røys i enden av kyrkjegarden mot butikken. Mesteparten er borte.

Men kvifor det ligg to støtter igjen der, forstår vi likevel ikkje heilt. Den eine støtta ligg med namnet på kva person støtta har stått over grava til, med namnet opp. Dei to siste støttene bør også bort...

Elles ser det ut som gravplassen vert fint halden i Uskedalen. Godt!

Torfinn Myklebust